

# MANDAT

*Nasjonalt nettverk for radiologi*



## OM NETTVERKET

| Nettverksnamn                                            |  |
|----------------------------------------------------------|--|
| Nasjonalt nettverk for radiologi                         |  |
| Forankring                                               |  |
| Interregionalt AD-møte og interregionalt fagdirektørmøte |  |

*Eventuelle vedlegg (forklar type)*

| # | Namn                                                                                                         |
|---|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 | «Tiltak for å redusere overforbruk og uønskt variasjon i radiologitenester i Noreg»<br>Interregional rapport |

## Innhald

|                                      |          |
|--------------------------------------|----------|
| <b>1. Mandat</b>                     | <b>3</b> |
| 1.1 Bakgrunn                         | 3        |
| 1.2 Mål                              | 3        |
| <b>2. organisering</b>               | <b>4</b> |
| 2.1 Administrativ styring            | 4        |
| 2.2 Rapportering                     | 4        |
| 2.3 Nettverksgruppe og arbeidsgruppe | 5        |
| <b>3. Gjennomføring av arbeidet</b>  | <b>5</b> |
| 3.1 Møteplan og rapporteringsrutinar | 5        |
| <b>4. budsjettmessige forhold</b>    | <b>6</b> |

# 1. MANDAT

## 1.1 Bakgrunn

Det interregionale AD-møtet handsama 25. august 2025 rapporten «Tiltak for å redusere overforbruk og uønskt variasjon i radiologitenester i Noreg».

Bakgrunnen for rapporten er eit behov for å redusere overforbruk og uønska variasjon i radiologitenestene på tvers av regionane. Rapporten tilrår å opprette eit nasjonalt nettverk for radiologi og AD-møtet ga tilslutning til dette. Dette skal bidra til meir einskaplege tenester, betre samarbeid og høgare fagleg kvalitet. Nettverket skal gjere det enklare å dele informasjon og samordne praksis. Dette gir betre ressursbruk og sørger for at pasientane får undersøkingar på rett nivå. Målet er likeverdige radiologitenester uavhengig av kvar folk bur, i tråd med nasjonale føringar for helsetenesta.

Nettverket skal ha ei rådgjevande og koordinerande funksjon for arbeidet med tiltaka som er skildra i rapporten. Vidare skal nettverket vere ein pådrivar for å gjennomføre og evaluere tiltaka, og gjere nødvendige endringar.

Nettverket skal leiast av Helse Vest RHF. Det er venta at nettverket vil bidra til å redusere overforbruk av radiologitenester, minske uønska variasjon og bidra til standardisering av tenesta.

## 1.2 Mål

Nettverket skal arbeide med følgjande oppgåver:

- Sikre drift av eit nasjonalt, heilskapleg og kunnskapsbasert nettverk for radiologi i Noreg, som styrkjer samarbeid, kvalitet og tilgjenge i radiologitenestene.
- Leggje til rette for ei felles digital ressursplattform der råd om tilvising, kompetanseheving og annan relevant informasjon for radiologar, tilvisarar og befolkninga er tilgjengeleg.
- Arbeide for betre tilgjenge av radiologiske undersøkingar og rapportar på tvers av sjukehus og private røntgeninstitutt.
- Bidra til standardisert og effektiv innsamling, forvaltning og bruk av nasjonale styringsdata innan radiologi, til nytte for pasientbehandling, leiging og fagleg utvikling.

- Utarbeide, samordne og bidra til innføring av oppdaterte nasjonale retningslinjer for radiologi, slik at tenestene held høg fagleg kvalitet og følgjer nasjonale føringar.
- Fremje gode og effektive kommunikasjonskanalar mellom tilvisarar og radiologiske avdelinger, slik at pasientar får tilgang til rett teneste og kunnskap til rett tid.
- Gi fagleg støtte til dei regionale helseføretaka etter behov.

## 2. ORGANISERING

### 2.1 Administrativ styring

Nettverket er administrativt underlagt Helse Vest RHF. Administrativ og fagleg leiar av nettverket skal ha tett dialog med assisterande fagdirektør i Helse Vest RHF. Helse Vest RHF har ansvar for samhandling mellom det nasjonale nettverket og avgjerdslinja i spesialisthelsetenesta.

### 2.2 Rapportering

Nettverket rapporterer til det interregionale fagdirektørmøtet. Det skal utarbeidast ein årleg statusrapport som skal vise:

- Tiltak som er gjennomførte
- Utfordringar i arbeidet
- Planar for kommande år
- Økonomi og ressursbruk opp mot budsjettet

Årsrapporten skal vere ferdig innan 31. januar året etter. Første rapporteringsår er 2026, med rapport 31. januar 2027.

Det interregionale fagdirektørmøtet har ansvar for:

- Å følgje opp at nettverksgruppa utfører arbeidet i tråd med mandatet, og at eventuelle avvik blir handterte på ein systematisk måte.
- Å sjå til at nødvendige personellressursar, kompetanse og støttefunksjonar er tilgjengelege og blir mobiliserte etter behova til nettverket.

- Å godkjenne leveransane frå nettverket, årsrapporten og ta nødvendige avgjerder knytt til vidare drift og utvikling av prosjektet.

## 2.3 Nettverksgruppe og arbeidsgruppe

Nettverksgruppa skal bestå av:

- Administrativ leiar. Blir utpeika av Helse Vest RHF.
- Fagleg leiar. Denne personen skal vere nettverksleiar. Blir utpeika av Helse Vest RHF.
- Rådgivarar frå dei fire RHF-a.
- Representant frå SKDE.
- Representant frå DSA.

Nettverksgruppa har ansvar for:

- Å utføre arbeidet i tråd med mandatet og tiltak beskrive i rapporten «Tiltak for å redusere overforbruk og uønskt variasjon i radiologitenester i Noreg».
- Å følge opp framdrift, økonomi og ressursbruk, og sikre at nettverket held seg innanfor dei fastsette rammene.
- Å følge opp god risikostyring ved å identifisere og handtere vesentlege risikoar som kan påverke måloppnåinga.
- Å stimulere til erfaringsutveksling og kunnskapsdeling mellom alle involverte partar, slik at kompetanse blir bygd opp og delt på tvers.

Mykje av arbeidet i nettverket vil bli gjennomført som prosjektarbeid i arbeidsgrupper nedsett av nettverksgruppa. Det nasjonale nettverket vil knyte til seg fagpersonar til slikt prosjektarbeid. Profesjonsforeiningar og brukarrepresentantar skal vere med der det er naturleg. Desse arbeidsgruppene vil få utarbeidd mandat og representasjon frå nettverksgruppa.

# 3. GJENNOMFØRING AV ARBEIDET

## 3.1 Møteplan og rapporteringsrutinar

Nettverket skal ha jamlege møte. Møta vert haldne digitalt, med to fysiske samlingar i året for å styrkje samarbeid og utveksling av erfaringar.

Det skal utarbeidast ein framdriftsplan med klare milepælar og leveransar. Framdrifta skal rapporterast til det interregionale fagdirektørmøtet, som ein del av årsmeldinga ved vesentlege avvik eller behov for endringar. Fyrste året nettverket er i aktivitet, skal det leverast ein framdriftsrapport etter seks månader.

Avgjerder vert tekne i fellesskap, og referat frå møta skal delast med alle medlemmene.

## 4. BUDSJETTMESSIGE FORHOLD

Det nasjonale nettverket for radiologi har følgjande budsjett for 2026:

|                                                               |           |
|---------------------------------------------------------------|-----------|
| Frikjøp personell                                             |           |
| Fagleg leiar                                                  | 400.000   |
| Administrativ leiar                                           | 1.000.000 |
| Fagleg konsulent, VeRaNor sjukehus og frikjøp andre ressursar | 1.500.000 |
| Styrking kapasitet i SKDE                                     | 500.000   |
| Arrangement, møte, kommunikasjonstiltak etc                   | 300.000   |
| Totalt                                                        | 3.700.000 |

Kostnadene blir fordelte mellom helseføretaka etter inntektsmodellen.



Helse Vest Postboks  
303 Forus  
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00  
[helse-vest.no](https://helse-vest.no)

